

Terje fryktar han vil få nabotomta inn på soverommet

I tre år har Terje Askeland kjempa for at muren på nabotomta skal sikrast. Han hevdar at både muren og massane bak kan rase mot hytta si kor tid som helst.

Terje Askeland og familien brukar mykje av tida si på hytta i Marøyvegen i nærleiken av Bøvågen.

– Slik arbeidslivet er i dag går det fint å sitte her og ha møter med nokon ein heilt annan stad i verda, seier Askeland.

Men slik det er no er det vêrvahengig om dei torer å bu der. For i grensa, rett ved soveromsvindaugget til Askeland, har naboen bygd ein nesten fire meter høg mur. Og no er muren i ferd med å sprekke opp, ifylgje Askeland.

– Når det regnar torer me ikkje vere her. Det kan rase ut kor tid som helst. Familien min kan omkomme, seier Askeland fortvilt.

⑩ Les svaret til naboen lenger nede.



Soverommet ligg vendt mot muren som ifylgje Askeland kan rase kor tid som helst.

Foto: Monica Skjelanger Reknes

– Ingen veit kva som er bak muren

Det vart ikkje søkt om løyve til å byggje muren, og over murkanten skrår terrenget litt oppover på naboeigedomen.

– Det er ein støttemur, men det er ingen som veit kva som er bak muren, om det er massar som vil fylgje med ved eit ras, hevdar Askeland og legg til:

– Eg har snakka med tre ulike som er fagfolk på området, og dei seier det ikkje er spørsmål om han vil rase, spørsmålet er når det vil skje.

Til dagleg bur han i Bergen, men bur og arbeider frå hytta fleire dagar i veka når det er mogeleg. Han har gjort kommunen merksam på problemet i lang tid, og bede om både synfaring og geolog.

Kommunen har stadfesta at muren er ulovleg, både i gamle Radøy kommune og seinare i Alver kommune. Konsekvensen er at eigar må retta det ulovlege med muren.



Muren heller no cirka 10 centimeter innover tomta til Terje Askeland. Askeland er redd muren skal rase og massar vil fylgje etter. **Foto: Monica Skjelanger Reknes**

Må rette opp

– Tiltakshavar har fått pålegg om å fjerne eller søkje om muren. Om dette ikkje vert gjort, vert det tvangsmulkt, svarar Eirik Berntsen i ein e-post til Strilen.

Han er avdelingsleiar for miljø og tilsyn i Alver kommune.

– I denne konkrete saka har tiltakshavar søkt om ein mur som er noko redusert, og fått dette godkjent.

No ventar kommunen på at naboen skal sette i gang arbeidet av den godkjente muren.

– Kommunen har som praksis å avvente ulovlegheitsoppfylginga i dei tilfella der det er sendt inn ein komplett søknad. Ulovlegheitsoppfylginga vert ikkje avslutta før han får ferdigattest på godkjent mur.

Berntsen fortel at det er tiltakshavar som er ansvarleg for det tekniske, og at kommunen difor ikkje har hatt fagfolk på staden for å undersøkje faren.

– Askeland fryktar for livet sitt og til familien sin. Kva tenkjer kommunen om dette og kva kan de i så fall gjere?

– Dette er ein del av vurderinga i saka, om kor alvorleg han er. Kommunen har ikkje konkludert om muren utgjør ein livsfare eller ikkje, men vi ser han ikkje som å utgjere noko umiddelbar livsfare, skriv Berntsen.

Naboen reagerer

Naboen Knut Asle Geitle, som bur der, er ikkje einig i slik det vert framstilt.

– Dette er ei sak som har halde på i tre år. Muren var sett opp, men så fylt inntil. Då var han ikkje var søknadspliktig. Då massane vart fjerna vart han det likevel, seier Geitle.

Han får no dagbøter fram til det er ordna, og meiner Askeland ikkje slepp til entreprenøren som skal gjere arbeidet.

– Me har komme med forslag til ulike løysingar for å redusere høgda på muren, men me har problem med å få tilgang til å gjere arbeidet, noko me må gjere frå nabolomma. Då vart arbeidet stoppa opp, seier Geitle.

Til det svarar Askeland:

– Naboen har hatt ein lettsindig omgang med sanninga i heile denne prosessen, Det er Geitle sjølv som gjer at dette ikkje er blitt utbetra innan rimeleg tid, me har ikkje vore til noko hinder for arbeidet, seier Askeland.

Geitle fortel at han har snakka med fagfolk som seier at det er lite sannsynleg at muren vil rase, men at den vil bøye seg.

– Me ønskjer å få denne saka ut av verda så raskt som mogeleg, seier Geitle og legg til at han skulle ønske kommunen var meir positiv.

– Eg skulle ønskje kommunen kunne ha gjeve oss løyve til igangsetting på eit tidlegare tidspunkt.

Plan får støtte av entreprenøren sin i saka, Bjørn Dale.

– Det er klart dette må løysast så raskt som råd. Eg har stått på for å få det til, men eg synest kommunen ikkje er grei med Geitle, seier Dale, som meiner dagbøtene er urettferdige.

Ventar på dokumentasjon

Kommunen svarar at dei ventar på dokumentasjon.

– Me har bede dei sende endringssøknad om muren i juni. Det er status no. Me har meldt i frå 24. juni om kva me treng for å saksbehandle søknaden. Får me inn det som me har etterspurt, kan me ta saka til behandling, seier Siril Sylta, tenesteleiar for arealforvaltning i Alver kommune.

– Dagbøter oppstår der krav ikkje er oppfylt innan rett tid. Mange rettar seg etter pålegg. Om ein fylgjer fristane, får ein ikkje tvangsmulkt, seier avdelingsleiar for miljø og tilsyn i Alver kommune, Eirik Berntsen.

Publisert: 27. november 2021 09:35